

# ÅRSMELDING 2025



**Austevoll  
Kraftlag**



## ***Dagleg leiar sin kommentar til 2025***

### ***Drift, investeringar og leveringskvalitet***

2025 har vore eit år med fokus på drift, vedlikehald og vidare investeringar i kritisk infrastruktur for å auka robustheita i vår infrastruktur og våre tenester. Selskapa våre har levert stabil drift med høg oppetid og god leveringskvalitet innan både straum og fiber. Me har handtert fleire beredskapssituasjonar på ein robust og effektiv måte. Dette gjer eit solid fundament for vidare utvikling og trygg leveranse til kundane våre. Det prosjektet som har hatt størst påverknad for drifta og investeringane for konsernet i 2025, har vore i tilknytning til vegprosjektet på Eidsbøen - Storebø, dette har også påverka oss fram til no, i 2026.

### ***Utfordringar og moglegheiter framover***

Energimarknaden er framleis prega av usikkerheit, sjølv om prisnivået har etablert seg på eit høgare nivå enn for nokre år tilbake. Europeiske energiforhold, geopolitikk, press på transportliner på verdshava, og auka elektrifisering bidreg framleis til eit komplekst risikobilde. Samtidig ser me at det grønne skiftet skapar store moglegheiter lokalt. Auka etterspurnad etter nettkapasitet og energitenester krev tydelege prioriteringar og god ressursstyring i åra framover. Spesielt er det stor aktivitet knytt til hamner og landstraum. Også lading av båtar er noko som det er aktivitet rundt.

### ***Strategiske val og samfunnsoppdrag***

Vårt samfunnsoppdrag ligg fast: me skal bidra til ei berekraftig utvikling i Austevoll. Dette gjer selskapet gjennom bygging og drift av kritisk infrastruktur samt sal av telekomprodukt, energi, og energiløysingar. Utbygging og forsterking av straumnettet har hatt høg prioritet dei siste åra, og vil halde fram som eit sentralt tiltak for å leggje til rette for næringsutvikling og elektrifisering. Samtidig har nasjonale føringar knytt til beredskap og forsyningstryggleik blitt ytterlegare forsterka, noko som samsvarer godt med vårt langsiktige fokus på robuste løysingar. Me har også vidareutvikla fibernettet med auka redundans og fornya våre fiberliner og nettverkselektronikk.

### ***Marknadsutvikling og tilpassing***

Endringane i kraftmarknaden held fram, med større innslag av uregulerbar produksjon som sol og vind, og derav større prisvariasjonar. Tidleg i 2026 har me sett i drift eigen energiproduksjon basert på kombinerte sol- og termiske løysingar med energibrønner. Dette reduserer vårt uttak frå straumnettet både som maks last og som energi. Løysinga er levert av New-Tech AS (eit 100% eigd datterselskap) og representerer eit viktig steg i utviklinga av nye energitenester i konsernet. Løysingar som reduserer belastninga på straumnettet vil bli etterlengta løysingar i framtida, for å kunna utnytta nettet meir og kunna kopla til fleire kundar og dermed sikra samfunnsutvikling,

### ***Infrastruktur og digitalisering***

Digitalisering og cybersikkerheit har hatt høg prioritet gjennom året. Som leverandør av kritisk infrastruktur er det avgjerande å ha kontroll på trusselbiletet og det må kontinuerleg vera fokus på endring i angrepsmetodane. Me har i 2025 og fram til i no i 2026, auka talet på sensorar i distribusjonsnett, noko som gir betre innsikt i kapasitetsutnytting og legg til rette for meir effektiv tilknytning av nye kundar utan omfattande nettutbygging.

### ***Berekraft og samfunnsansvar***

Berekraft er no ein integrert del av verksemda vår, spesielt vil eg dra fram arbeidet med nye energiløysingar på våre bygg som har redusert vårt straumforbruk betydeleg inn i 2026. Prosjektet gjev også leveranse av elektrisitet til andre kundar i Austevoll med vårt overskot på solfylte dagar.

Gjennom våre nye initiativ arbeider me aktivt med å tilby energiløysingar til næringslivet i Austevoll, med mål om å redusere belastninga på straumnettet og samtidig bidra til meir energieffektive bygg og anlegg.

### *Økonomi og prisar*

Konsernet har i 2025 hatt god kontroll på kostnader og investeringar, og leverer framleis konkurransedyktige prisar på både straum og fiber. Nettleiga er påverka av nasjonale rammevilkår fastsett av Reguleringsmyndigheten for energi (RME), men me har gjennom effektiv drift bidrege til å halde nivået nede. Straumsalsverksemda (Austevoll Kraft AS) har i 2025 eit betra resultat, sjølv om kostnader med å levere straum har auka betydeleg dei siste åra. Her vil det bli fokus på auka kundemasse og volum dei komande åra. Det er avgjerande at me også framover har stram kostnadskontroll og tilpassar oss marknaden.

### *Framtidsutsikter 2026 og vidare*

Rammevilkåra frå myndigheitene er i endring og vil truleg også i åra frametter påverke oss i aukande grad. Innføring av nye marknadsmodellar som «Norgespris», strengare krav til nettilknytning og modenheitsvurderingar, samt forventningar om meir opne fibernett, vil krevje tilpassing i både drift og strategi. Samtidig ser me eit aukande fokus på digital tryggleik og beredskap.

Endringstakta er høg, og reguleringane blir meir detaljerte. Dette stiller store krav til kompetanse, fleksibilitet og gjennomføringsevne i organisasjonen. Samstundes gjev det moglegheiter for dei som evnar å tilpasse seg raskt, og ta ei aktiv rolle i utviklinga. Konsernet står godt rusta til å møte framtida. Me har lokal forankring, høg kompetanse og ei tydeleg rolle i samfunnsutviklinga i Austevoll. Det er gjennom vårt arbeid me kan sikre vidare vekst, berekraft og trygg leveranse av kritisk infrastruktur.

Leiinga takkar tilsette, kundar og samarbeidspartnarar for innsatsen i 2025.

*Håvard Singelstad*

*Dagleg leiar, Austevoll Kraftlag SA*



# Styret si melding for Austevoll Kraftlag SA

## Konsernet Austevoll Kraftlag SA

Styret si melding for 2025 omfattar konsernet Austevoll Kraftlag SA inklusive dotterselskapet Havnett AS, Austevoll Breiband AS, Austevoll Kraft AS, Ebru Technologies AS og New-Tech AS.

## Styret

Styret for Austevoll Kraftlag SA består av 5 medlemmer som er vald av årsmøtet, og 1 representant vald av dei tilsette. Årsmøte vart halde 30. juni 2025. Styret har i 2025 hatt 8 møter og handsama 49 saker.

## Styresamansetning

Styreleiar:	Hilde Drønen
Nestleiar:	Bente Kari S. Taranger
Styremedlem:	Hans Halstensen
Styremedlem:	Endre Haugland
Styremedlem:	Frank Tore Nilsen
1. varamedlem:	Astrid Kalve
2. varamedlem:	Ivar Helge Melingen



Våre verdier:

Raus, Respektfull, Nysgjerrig, Framoverlent, Påliteleg

**Austevoll Kraftlag SA** er eit infrastrukturselskap som gjennom sine verksemdar skal bidra til framtidssretta og berekraftig utvikling i Austevoll kommune. «Kraftlaget» er organisert som eit kundeeigd samvirkeleg som byggjer og driftar infrastruktur og leverer tenester innanfor straum, energi, breiband- og datakommunikasjon, vassforsyning og avlaup.

Austevoll Kraftlag vart stifta 25 mars 1946 som eit kundeeigd partlag. Pr 31.12.2025 hadde laget 3149 partar. Gjennom eit breitt tilbod av framtidssretta produkt og tenester med høg kvalitet, er vi med og legg grunnlaget for ei moderne og framtidssretta utvikling i Austevoll. På denne måten medverkar vi til at Austevoll er ein attraktiv kommune å bu og etablere seg i - både for private og næringsliv.

### **Austevoll Kraftlag er organisert som eit konsern.**

Energibransjen er i kontinuerleg utvikling. Det er auka konkurranse, strukturendringar, skjerpa rammevilkår frå myndighetene, mangel på kraft, høge straumprisar og uforutsigbarhet i kraftmarknaden.

Utviklinga framover vil krevje at styret og administrasjonen i kraftlaget kontinuerleg legg vekt på forbetningsarbeid for å sikre at selskapet fortset å levere gode og framtidssretta produkt og at økonomien i selskapet er tilfredsstillande.

Nøkkelfaktorar vil framleis vere god og effektiv drift, nærleik til heimemarknaden og ein organisasjon med evne og vilje til omstilling. Det er viktig å utvikle eksisterande kjerneområde anten i eigen regi, eller saman med naturlege samarbeidspartnarar.

Austevoll Kraftlag skal vere ein drivkraft til berekraftig utvikling av Austevoll-samfunnet, og utbygging av infrastruktur skal vere hovudoppgåve for selskapet.

I 2025 var det 33 fast tilsette i konsernet.

Styret vil takka alle tilsette for innsats og samarbeid gjennom året.

## Helse, Miljø, og Sikkerheit

Austevoll Kraftlag er medlem av bedriftshelsetenesta i Volvat. Vi arbeidar kontinuerleg for å styrkja helse, miljø og tryggleiksarbeidet. Dei tilsette bidrar til at vi har eit godt arbeidsmiljø. Det har vore 1 ulykke som vi har definert som alvorleg i 2025.

Austevoll Kraftlag skal være ein aktiv bidragsytar til det grønne skiftet, og pådrivar for å leggje til rette for elektrifisering innanfor mellom anna oppdrett og transportsektoren. Ved fornying av eigen bilpark, skal el-bilar prioriterast dersom det er praktisk mogeleg og beredskapsmessig fornuftig.

Nøkkeltal 31.12	Mål 2025	2025	2024	2023	2022
<b>Sjukefråvær</b>	<b>2%</b>				
Herav Kortidsfråvær, inntil 16 <lager		1,8	1,74	1,78	2,52
Herav langtidsfråvær, over 16 <lager		5,1	6,05	2,52	4,79
Total Sjukefråvær		6,9	7,31	4,3	7,32

Austevoll Kraftlag SA hadde eit sjukefråvær på 6,9 % i 2025, som er 0,4 % ned i forhold til 2024. Kortidsfråvær 2025 var på 1,8 % og langtidsfråværet 2025 var på 5,1 %. Selskapet har generelt eit høgt sjukefråvær samanlikna med dei siste 5 åra, og dette er på line med bransjen elles.

Eit godt og sikkert arbeidsmiljø er kjernen for arbeidet som blir gjort i konsernet, og skal prioriterast. Vi fokuserer på førebyggjande arbeid og kontinuerleg forbetring. Innrapportering av uynskte hendingar er eitt av fleire fokus-områder. Denne innrapporteringa er viktig informasjon slik at vi kan setja inn førebyggjande tiltak for å nå ønska nullvisjon. Her ser vi forbetringar, og dette vil vere eit fokus område for konsernet. Totalt vart det rapportert 26 avvik-/forbetringmeldingar.

Austevoll Kraftlag er eit lokalt samvirkelag som jobbar for å være ein viktig lokal aktør for å fremja vekst, berekraft, tillit og positivt omdømme i lokalmiljøet.

## Nettverksemda til Havnett AS

Havnett AS er ansvarleg for å levera straumnett i Austevoll kommune, ei oppgåve som inneber betydelege utfordringar på grunn av våre naturgjevne forhold og spreidd busetjing. Med mykje nett i form av liner, kablar og nettstasjonar, per kunde og relativt lite overført kilowattime (kWh) per kunde. Det oppstår då høgare overførings- og driftskostnader som igjen reflekterast i tariffane til våre kundar. Det å halda kostnadane og tariffane nede, er noko som me har sterkt fokus på til ein kvar tid, i alt me gjer.

Me operera under ei regulering som krev at nettselskapa sine inntekter over tid ikkje overstig den tillatne inntekta som er fastsett av Reguleringsmyndigheten for Energi (RME), og at tariffane skal være objektive og ikkje-diskriminerande. Tariffane skal også gje signal om effektiv utnytting og utvikling av nettet, og skal differensierast etter effekt (kW), det vil sei kor mykje kapasiteten ein kunde treng i straumnett.

Tabell 1: Tekniske KPIer

<b>Distribusjonsnett Havnett:</b>	
Høgspennnett	166 km
Lågspennnett	587 km
Transportert GWh	108 GWh
Overføringstap	5,8 %

Interessa for solceller i 2025 har vært låg. Om det er Noregspris som er årsaka eller endra tilskotsordning er vanskeleg å konkludera rundt, men truleg er det fleire faktorar. Eksisterande anlegg gjev dog eit betydeleg bidrag på sommarhalvåret når sola er på det sterkaste. Det er ved utgangen av 2025 installert om lag 2,5 MWp som leverte 947 MWh til nettet i tillegg til det lokalt forbrukte, noko som tilsvara straumforbruket til 47 einbustadar (snittforbruk 20 000 kWh/år).

Det er framleis avgrensingar frå sentralnettet på tilkopling av større nytt forbruk. Dette gjeld i Austevoll og større deler av Sunnhordland. I løpet av 2025 kom det melding om at grensa for tilkopling var heva til 5 MW på anlegg som må avklarast direkte med Statnett, sett i mot tidlegare grense på 1 MW er dette ei betydeleg betring. Men det vil forsett vera behov for avklaring mot overliggande nett (regionalnettet) på tilkoplingar over 1 MW. Det kan også koma anleggsbidrag på nettanlegg i overliggande nett.

Oppgradering og bygging av ny overføringskapasitet tar tid og det vil vera kapasitetsavgrensing i mange år frametter. Det kan også bli krevd anleggsbidrag for denne tilkoplinga. Statnett har varsla restriksjonar på framtidige store effektuttak fram til ny framføring er klar i 2027- 28. Førebels er det ingen konkrete utbyggingsprosjekt i Austevoll som vert råka av restriksjonane. Det er midlertidig henvendingar som eventuelt kan bli råka av restriksjonane i 2026 og frametter.

Trenden med førespurnader på ny tilkopling i vårt nett gjekk opp på slutten av 2024 og det var ei rolegare periode. Men i 2025 har det auka på og det er mykje prosjekt inn mot elektrifisering og landstraum spesielt av havbruk- og fiskeriflåten på hamner, som er under vurdering.

Dei økonomiske resultatata for Havnett AS er i stor grad avhengig av myndigheitene sine reguleringsregime for inntektsramme samt kostnadsutvikling i selskapet.

Tilsette er på vakt 24 timar kvar dag heile året for å sikre rask feilretting og stabil straumleveranse i øyriket. Havnett AS har i 2025 hatt eit stabilt år utan store driftsavbrot. Leveringssikkerheit var i 2025 på 99,99%.

**Det lokale eltilsyn (DLE)** Det lokale eltilsyn (DLE) har som oppgåve å redusera talet på skader, ulykker og brannar som skuldast feil ved elektriske anlegg i vårt forsyningsområde. Denne oppgåva er pålagt oss frå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB), og som gjennom årlege rammebrev gjev oss retningslinjer for korleis arbeidet skal utførast. Hovudarbeidet ligg her i kontrollar hos kvar kunde. Det vert også ført tilsyn med internkontrollsystemet hos elektroinstallatørane i kommunen.

Til saman var det i 2025 kontrollert 296 installasjonar fordelt på bustadar, industri og offentlege bygg . I tillegg har vi vore på alle skulane og hatt undervisning rundt straum og sikkerheit.

DSB utførde revisjon hos DLE i 2025, og det blei ikkje notert avvik under tilsynet.

### ***Straumsal frå Austevoll Kraft AS***

Austevoll Kraft AS er straumselskapet vårt som er dedikert til å levere straum til både bedrifts- og privatkundar i Austevoll Kommune, og tilbyr fleire straumprodukt som er tilpassa ulike behov til våre kundar. Vi tilbyr konkurransedyktige straumavtaler, og vil vidareutvikla desse med komande behov.

Vi har eige produkt for plusskundar, så vil me på sikt jobba for å levera fastprisavtaler, men dette ligg lenger fram for privatkundar, grunna straumstøtta, og innføring av «Norgespris». Bedriftskundar kan få tilpassa produkt som er tilpassa deira risikoprofil og behov.

Austevoll Kraft leverer straum til 72% av kundane i Austevoll.

Det er mange faktorar som påverkar kraftmarknaden i Noreg. Som vi har merka særst godt dei siste åra då marknaden kan svinge mykje, avhengig av faktorar som nedbør, sol, vind og geologiske situasjonar som aukar alternativ kostnad for å levere elektrisk straum basert på gass til dømes. Prisar på andre alternative energikjelder som sol, vind, kull gass og olje påverkar straumprisane. Men låge stabile priser vil me nok ikkje sjå på mange år, om det vil skje i det heile.

Kraftsituasjonen i Austevoll er som resten av Sunnhordland prega av kapasitetsutfordringar i både produksjon og overføringsnett, noko som påverkar både næringsliv og innbyggjarar. Vestland fylke, inkludert Austevoll, er ein netto importør av kraft om vinteren og har eit strukturelt kraftunderskot. Det er få planar om ny kraftproduksjon i regionen, noko som forsterkar behovet for betre nettløysingar og energieffektivisering. Manglande nettkapasitet og krafttilgang kan hemme utviklinga av nye arbeidsplassar og investeringar i grønne næringar. Dette gjeld særleg for industriklynger med stort utviklingspotensial, som er avhengige av nok kraft for å realisere nye arbeidsplassar.

Det er framleis uforutsigbare tider, og marknaden er volatil på kortare tidsrom som dagar og timer, men er venta å vera meir stabil sett over månader og kvartal.

Austevoll Kraft tilbyr i 2025 fire ulike straumprodukt der kundane sjølv kan avgjere korleis ein vil sikre seg mot svingingar i marknaden:

- Innkjøpspris med påslag
- Austevoll Kraft time
- Austevoll Kraft Pluss
- Fastpris

Rundt 90% av privatkundane kjøpte Kraft til innkjøpspris.

### **Fiber- og breibandsverksemda til Austevoll Breiband AS (Lysglimt)**

Austevoll Breiband AS, med merkevara Lysglimt, leverer breibandstenester på eige fibernett i Austevoll kommune, til både bedrifts- og privatkundar. Vi er ein sentral aktør i digitaliseringa av Austevoll kommune.

Selskapet tilbyr ulike breibands leveransar og tenester som er tilpassa dei ulike behova til kundane. Me leverer høgkvalitets internett som støttar både den digitale kvardagen til privatpersonar og dei meir omfattande krava frå bedriftene.

Selskapet legg vekt på å tilby konkurransedyktige prisar og god kundeservice.

Våre tenester har vore stabilt gjennom heile 2025 med ei oppetid på 99,99% og utan store avbrot. Kapasiteten har vore tilstrekkeleg, og vi ser at trafikken i fibernettet framleis aukar, som igjen utløyser større behov for kapasitet.

I 2025 har vi hatt fokus på å forbetre våre leveransar og lagt grunnlag for omlegging av vårt fibernett for å sikre eit meir robust fibernett som blir fullført i 2026. Vi jobbar kontinuerleg for å sikra og med å forbetra våre leveransar og i 2026 vil me fullføra fleire forbindelsar som gjev oss redundante føringsvegar i hovudnettet vårt. Dette for betra robustheit og beredskap.

Austevoll Breiband AS har i 2025 hatt ei jamn auke i talet på kundar og hadde ved utgangen av året 2708 aktive privatkundar, ei auke på 31 nye kundar.

Bedriftsmarknaden har ein liten auke med rundt 110 sambandsleveransar.

## **Ny regulering av fiber- og breidbandbransjen**

Nasjonale kommunikasjonsmyndighet (NKOM) igangsette i 2024 eit omfattande reguleringsarbeid for fiber- og breidbandbransjen i Norge. Dette med utgangspunkt i nye reguleringar i EU som får innverknad for Noreg igjennom EØS -avtalen.

Det har ikkje vore større endringar på dette i 2025. Men det er per nå lagt opp til ei «frivillig opning» av netta i dei områda som NKOM har vurdert som «kontrollert» av ein enkelt leverandør i ein større region. I Sunnhordland og Haugalandet var dette Haugaland Kraft Fiber AS.

Me er engasjert i Fiberforeningen og følger opp dette igjennom dette medlemskapet.

## **Styrking av sikkerheita selskapa og infrastrukturen i Noreg**

Myndighetene i Noreg og i EU har iverksett ein rekkje tiltak for å styrkja sikkerheita i infrastrukturen innan straum, nett, fiber og breidband, både med tanke på fysisk sikkerheit og cyber-sikkerheit. Dette blir meir og meir sannsynleg og rapporter frå ulike miljø peikar på at sabotasjeaksjonar i Noreg er enda meir sannsynleg i 2026 enn tidlegare år.

Me har fokus på å følgja opp dette på ein god, strukturert og effektive måte. Men det vil krevja mykje fokusert arbeid av oss.

## **Austevoll Vatn og Avløp SA**

Austevoll Vatn og Avløp SA er ikkje ein del av konsernet Austevoll Kraftlag SA, men har ein driftsavtale med Austevoll Kraftlag SA. Dei tilsette som arbeider i tilknytning til driftsavtalen er tilsett i Austevoll Kraftlag SA. Driftsavtalen omfattar drift, vedlikehald og utbygging av vatn- og avløpsanlegga i kommunen.

Austevoll Vatn og Avløp SA er på linje med Austevoll Kraftlag SA eit kundeeigd samvirkelag.

## **Ebru Technologies AS**

Ebru Technologies AS er 64,65% eigd av Austevoll Kraftlag SA. Ebru er totalleverandør av IT-drift. Med kontor og datasenter i Austevoll og avdelingskontor i Bergen leverer verksemda komplette IT-tenester til verksemdar i Hordaland og nettsky-tenester til verksemdar over større deler av landet.

I 2025 vart det opna for å få fleire av dei tilsett inn på eigarsida og AKSA selde seg ned omlag 10%, i tillegg til at fleire passive eigarar selde seg ut. I denne prosessen vart det betalt ut ekstraordinært utbyte. AKSA mottok eit utbyte frå EBRU på 1,3 mill kr i 2025.

## **New-Tech AS**

New-Tech AS er det nyaste tilskotet til konsernet Austevoll Kraftlag SA. Kraftlaget kontrollerer 100 % av selskapet. I løpet av dei siste åra har det våre behov for å justera strategien i selskapet fleire

gangar. Dette då marknaden og rammevilkår endrar seg stadig oftare i energibransjen. Selskapet har utvikla autonom solsporing(suntracking) og levere i dag totale energi- og ENØK prosjekt basert på komplette energiløysingar til industri og industribygg.

Desse prosjekta er komplekse og inneheld både bergvarme, geotermos (lagring av termisk energi i grunnen), varmpumper, solceller, solpaneler(termisk energi frå sola) og suntracker. Prosjekta blir spesialtilpassa kunden sitt energibehov og forbruk. Det er stort fokus på å redusere energi henta frå elektrisk energi frå nettet, og redusere maks forbruk på nettet noko som er positivt for å kunne tilkopla fleire på det elektriske nettet.

Selskapet leverte 2 prosjekt i 2025. Denne satsinga gjer at Kraftlaget posisjonerer seg i forhold til det grøne skiftet, og kan ta del i den store marknaden for energiøkonomisering og oppfølging av krav til forbruk i bygningsmassar og forbetring av energimerking av bygg.

### **Likestilling**

9 av dei tilsette (26,5%) og 2 i styret (40%) er kvinner. Austevoll Kraftlag praktiserer likestilling mellom kjønna, og styret ser det ikkje som naudsynt å gjennomføre spesielle tiltak for å fremja likestilling i verksemda.

### **Pensjonsordning**

Austevoll Kraftlag har innskotspensjonsordning for sine tilsette i Storebrand gjennom NHO Pensjon.

### **Openheitslova**

Austevoll Kraftlag SA etterlever og har vedtatt erklæring jamfør openheitslova i styret. Informasjon er tilgjengeleg på selskapet sine nettsider.

### **Risiko**

Det er i dag vurdert at det er liten og ingen endring i risiko for selskapet i forhold til tidlegare år. Størst risiko er vurdert til varierende og høge straumprisar.

#### ***Marknadsrisiko***

Konsernet si verksemd er fordelt på nettverksemd, kraftsal, fibertenester og IT-tenester. Nettverksemda er underlagt monopol frå NVE i konsesjonsområdet og har låg risiko. Kraftsal er prega av høg konkurranse. Risiko knytt til svingingar i kraftprisane er avgrensa då kjøp og sal primært er basert på spotprisar i den same marknaden, og at store svingingar i marknaden kan sikrast gjennom avtaler.

Fiber- og IT-tenester har låge svingingar i pris. Høg kvalitet på utbygd fibernett og stabil kundemasse gjer at marknadsrisikoen er låg.

#### ***Kreditrisiko***

Konsernet er lite eksponert for motpartane si evne til å oppfylle sine forplikingar då fordringsmassen er fordelt på mange kundar og det har historisk vore lite tap på fordringar.

#### ***Likviditetsrisiko***

Konsernet er eksponert for risiko knytt til endring i rentenivået og straumpris, spesielt ved store variasjonar i, og ved høge straumprisar generelt. Vi reduserer risikoen med fast rente på delar av konsernet si gjeld. Konsernet sin likviditetsrisiko er vurdert som middels.

### ***Endra rammevilkår***

Energibransjen er i stor endring med omfattande endringar i rammevilkår. Tilpassing til endra rammevilkår vil være ei stor utfordring for styret og administrasjon i tida framover.

### **Styreansvarsforsikring**

Selskapet har forsikring for styret sine medlemmar og dagleg leiar for det personlege erstatningsansvar for formues skade som dei kan pådra seg i samband med utøving av sine verv (styre- og leiaransvar). Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit forsikringselskap med solid rating.

### **Samfunnsengasjement**

Austevoll Kraftlag SA har ei sterk forankring i Austevoll kommune, og ei lang historie med aktivt samfunnsengasjement.

Gjennom sponning og gåver til gode formål, har me bidratt til realiseringa av ei rekkje prosjekter som har hatt stor betydning for lokalsamfunnet. Dette skal me vidareføra. Dette engasjementet reflekterer konsernet sine verdier, visjon og ynskje om å spela ei positiv rolle i samfunnsutviklinga.

Vi har vore ein nøkkelspelar i finansieringa av infrastrukturprosjekt, kulturelle initiativ, og idrettsaktivitetar. Dette inkluderer alt frå bygging av idrettsanlegg og oppgradering av lokale møteplassar, til støtte for kulturarrangement som bidrar til å styrkja samhaldet og identiteten i Austevoll.

Me har også eit spesielt fokus på å støtte tiltak som fremjar barn og unges oppvekstvilkår og aktivitetsmogelegheiter, noko som er avgjerande for eit levande og dynamisk lokalsamfunn.

Gjennom vårt samfunnsengasjement visar me at me er meir enn ein leverandør av energi og infrastrukturtenester. Me skal være ein aktiv bidragsytar til velferda og utviklinga i Austevoll. Vårt engasjementet er ein viktig del av selskapets identitet og visar vår forpliking til å gje tilbake til samfunnet me er ein del av.

### **Framtidsutsikter**

I 80 år har Austevoll Kraftlag vore ein viktig del av utviklinga i lokalsamfunnet. Med eit solid fundament, lokal forankring og høg kompetanse står konsernet godt rusta til å møte framtida. Gjennom vidare satsing på berekraftige energiløysingar, digitalisering og utvikling av infrastruktur skal vi halde fram med å skape verdier for kundar, eigarar og samfunnet rundt oss. Historia vår gir styrke – framtida gir moglegheiter.

### **Om årsrekneskapen**

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og god rekneskapsskikk. Rekneskapen er satt opp under føresetnad av fortsett drift. Styret meiner at årsrekneskapen gjer eit rettvisst bilete av selskapet sine egedelar og gjeld og av selskapet si finansielle stilling og resultat. Etter det styret kjenner til har det heller ikkje vore tilhøve etter regnskapsårets utgang som har betydning for selskapet sin stilling og resultat.

## Økonomi

Rekneskapen for morselskapet viser at selskapet hadde ei omsetning på 32,2 mnok i 2025 mot 30,9 mnok i 2024. Omsetninga ligg dermed litt betre enn i 2024. Sum driftskostnader er på 28,1 mnok i 2025 dette er ned frå 30,8 mnok i 2024. Reduserte kostnader skuldast fokus på effektiv drift.

Personal kostnader er på 17,3 mnok 2025 mot 18 mnok i 2024. Reduksjon skuldast 1 mindre ansatt enn i 2024.

Årets avskrivningar er på 1,5 mnok som er 0,3 mnok høgare enn i 2024. Driftsresultat i 2025 var på 4,1 mnok som er opp frå 0,1 mnok i 2024. Driftsresultat i 2025 er påverka som omtalt av fokus på berekratig drift og effektivitet saman med omorganisering og digitaliseringsprosess av konsernet. Netto finanskostnader er 0,02 mnok som er ned frå 6 mnok i 2024. Selskapet mottok i 2024 konsernbidrag frå dotterselskap på 6,7 mnok medan i 2025 er det kr 0 i inntekt frå dotterselskap.

Morselskapet har ein kontantstraum frå drift på 5 mnok i 2025 mot 6,4 mnok i 2024. Dette er ein nedgang på 1,4 mnok. Kontantstraum frå investeringsaktivitetar utgjorde i 2025 19,8 mnok mot 2,8 mnok i 2024. Auka kostnader skuldast vesentlege påkostningar i AKSA. Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar utgjorde i 2025 11,6 nok.

Netto endring i kontantar 2025 var på negativ 2,5 mnok og reflekterer at det fortsatt er kapitalkrevjande å svara opp på selskapet sin ambisjon om å gje innbyggjarane i Austevoll konkurransedyktige leveransar av kraft, datakommunikasjon, og andre tilhøyrande tenester, men at dei tiltaka ein har gjort og fortsatt har fokus på har riktig og positiv effekt på selskapet, og ein vil sjå effektar av dette i åra som kjem.

Morselskapet går ut av året 2025 med ei kontantbeholdning på 6,3 mnok. Selskapet har ei langsiktig renteberande gjeld på 44,5 mnok og ei netto renteberande gjeld på 40,7 mnok. Netto renteberande gjeld er langsiktig gjeld til finansinstitusjonar minus kontantbeholdning og marknadsbaserte rentepapir.

### **Styret i Austevoll Kraftlag SA foreslår at årsresultatet vert overført til annan eigenkapital.**

Konsernet inkluderer dotterselskapa Havnett AS, Austevoll Kraft AS, Austevoll Breiband AS, New Tech AS og Ebru Technologies.

**Austevoll Kraft AS** viser eit driftsresultat på -0,7 mnok.

**Havnett AS** viser eit driftsresultat på 9,6 mnok.

**Austevoll Breiband AS** viser eit driftsresultat på 1,8 mnok.

**Ebru Technologies AS** viser eit driftsresultat på 1,6 mnok.

**New Tech AS** viser eit driftsresultat på -3 mnok

Rekneskapen for konsernet viser at selskapet hadde ei omsetning på 232 mnok i 2025 mot 205 mnok i 2024. Auken i omsetning har sin hovudforklaring i auke i omsetning i Austevoll Kraft og Havnett samt fortsatt høg omsetning i Ebru sin omsetning.

Sum driftskostnader er i 2025 221 mnok, opp frå 202,8 mnok i 2023. Det er eit resultat av generell auke i driftskostnader. Personalkostnader er 53,2 mnok i 2025 mot 47,7 mnok i 2024. Auken har sin forklaring i at antall ansatte i datterselskapa har gått opp det siste året.

Årets avskrivningar i konsernet er på 12,7 mnok mot 10,5 mnok i 2024. Driftsresultat i 2025 var 10,9 mnok opp frå 2,4 mnok i 2024. Som omtalt over er driftsresultatet i 2025 eit resultat av fokus på effektivisering, omorganisering og digitaliseringsprosessar.

Netto finanskostnader er negativ med 2,7 mnok mot negativ 2,4 mnok i 2024.

Konsernet har i 2025 eit resultat etter skatt på 5,3 mnok, der 0,4 mnok går til minoritetsaksjonærar. Austevoll Kraftlag sin andel av resultatet er dermed 4,8 mnok. I 2024 var resultat etter skatt på -0,4 mnok der 0,3 mnok gjekk til minoritetsaksjonærar. Austevoll Kraftlag SA sin andel av resultat var -0,8 mnok i 2024.

Konsernet har ein kontantstraum frå drift på 8 mnok i 2025, dette er ein nedgang frå 17 mnok i 2024. Kontantstraum frå investeringsaktivitetar utgjorde i 2025 38,3 mnok til samanlikning var denne posten 14,2 mnok i 2024. Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar utgjorde i 2025 17 mnok, i 2024 var denne posten 3,7 mnok

Netto endring i kontantar i 2025 var negativ med 13,1 mnok. Det er fortsatt særst viktig å gjere riktige tiltak framover for å sikre soliditet og effektivitet .

Konsernet går ut av året 2025 med ei kontantbeholdning på 16,6 mnok. Konsernet har ei langsiktig renteberande gjeld på 75 mnok, og ei netto renteberande gjeld 56,9 mnok. Netto renteberande gjeld er langsiktig gjeld til finansinstitusjonar minus kontantbeholdning og marknadsbaserte rentepapir.

### **Bekkjarvik 01. juni 2026**

Hilde Drønen  
Styreleiar

Bente Kari S. Taranger  
Nestleiar

Hans Halstensen  
Styremedlem

Frank T. Nilsen  
Styremedlem

Endre Haugland  
Styremedlem

Håvard Singelstad  
Dagleg Leiar



# Austevoll Kraftlag SA

## Resultatrekneskap

Morselskapet (NOK)				Konsernet (NOK)	
2025	2024	NOTER	DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2025	2024
14 152 454	5 977 535	1,2	Salgsinntekter	218 905 780	192 940 540
18 043 752	24 894 419	1	Andre driftsinntekter	13 106 132	12 240 130
<u>32 196 206</u>	<u>30 871 954</u>		Sum driftsinntekter	<u>232 011 912</u>	<u>205 180 670</u>
135 559	4 250		Varekostnader	117 736 740	113 567 630
17 267 270	17 964 454	3	Personalkostnader	53 219 608	47 731 815
1 575 459	1 172 844	4	Ordinære avskrivningar	12 683 598	10 465 292
9 132 470	11 621 777	3	Andre driftskostnader	37 498 666	31 025 084
<u>28 110 758</u>	<u>30 763 325</u>	1	Sum driftskostnader	<u>221 138 612</u>	<u>202 789 821</u>
<b>4 085 448</b>	<b>108 629</b>		<b>Driftsresultat</b>	<b>10 873 300</b>	<b>2 390 849</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>					
0	6 728 572	6	Inntekt på investering i dotterselskap	0	0
5 578	55 822		Renteinntekter	243 543	228 989
2 501 914	1 337 976	6	Andre finansinntekter	1 406 587	501 378
0	-45 000		Nedskrivning av andre finansielle anleggsmidler	-61 167	-45 000
-2 525 178	-1 876 625		Rentekostnad	-3 903 999	-2 573 144
-4 452	-165 317	6	Andre finanskostnader	-363 745	-473 227
<u>-22 138</u>	<u>6 035 428</u>		Netto finansresultat	<u>-2 678 781</u>	<u>-2 361 004</u>
<b>4 063 310</b>	<b>6 144 057</b>		<b>Årets resultat før skatt</b>	<b>8 194 519</b>	<b>29 845</b>
-886 664	-1 564 144	7	Skattekostnad på ordinært resultat	-2 934 517	-463 634
<b>3 176 646</b>	<b>4 579 913</b>	8	<b>Årsresultat</b>	<b>5 260 002</b>	<b>-433 789</b>
		8	Minoritetens andel	443 141	318 212
		8	<b>Konsernets resultat</b>	<b>4 816 861</b>	<b>-752 001</b>
<b>OVERFØRINGER</b>					
3 176 646	4 579 913	8	Overført til annen egenkapital		
		8	Overført fra annen egenkapital		
<u>3 176 646</u>	<u>4 579 913</u>		Sum overført		

# Balanse per 31.12.2025

Morselskapet (NOK)		NOTER	EIGENDELAR	Konsernet (NOK)	
2025	2024			2025	2024
<b>Anleggsmidler</b>					
<b>Immaterielle eigendeler</b>					
0	0	7	Utsatt skattefordel	1 759 092	3 931 940
0	0	4	Konsesjoner, patenter o.l.	465 778	0
0	0	4	Forskning og utvikling	1 755 143	0
0	0	4	Sum immaterielle eigendelar	3 980 013	3 931 940
<b>Varige driftsmidler</b>					
30 887 357	18 282 795	4	Tomter, bygningar og anna fast eigedom	30 887 357	18 681 969
0	0	4	Distribusjonsnett	113 185 512	103 322 499
0	0	4	Infrastruktur fiber	49 286 830	48 133 913
0	0	4	Tele- og kommunikasjonsutstyr	7 822 222	7 693 270
2 877 683	2 836 427	4	Driftsløysøyre, inventar, verktøy o.l	5 686 098	4 631 524
0	1 193 774	4	Anlegg under utførelse	7 196 085	8 389 859
33 765 040	22 312 996	9	Sum varige driftsmidler	214 064 104	190 853 034
<b>Finansielle anleggsmidler</b>					
183 065 541	174 214 844	10	Investering i datterselskap	0	0
1 029 277	1 029 277	10	Investeringar i aksjar og andelar	3 059 277	11 113 277
263 648	263 648		Obligasjonar	1 404 919	869 638
184 358 466	175 507 769	9	Sum finansielle anleggsmidler	4 464 196	11 982 915
<b>218 123 506</b>	<b>197 820 765</b>		<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>222 508 313</b>	<b>206 767 890</b>
<b>Omløpsmidlar</b>					
0	0	9	Behaldning av driftsmateriell	10 717 154	11 485 267
<b>Fordringar</b>					
7 972 779	2 586 718	5	Kundefordringar	35 084 407	36 755 532
24 408 885	41 646 217	5	Andre kortsiktige fordringar	39 218 874	28 423 337
32 381 664	44 232 935	9	Sum Fordringar	74 303 281	65 178 869
3 800 582	6 250 946	11	Bankinnskot, kontantar o.l	16 647 999	29 758 608
<b>36 182 246</b>	<b>50 483 881</b>		<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>101 668 434</b>	<b>106 422 744</b>
<b>254 305 752</b>	<b>248 304 646</b>		<b>SUM EIGENDELAR</b>	<b>324 176 748</b>	<b>313 190 633</b>

# Balanse per 31.12.2025

Morselskapet (NOK)		NOTER	EIGENKAPITAL OG GJELD	Konsernet (NOK)	
2025	2024			2025	2024
<b>Eigenkapital</b>					
<b>Innskoten egenkapital</b>					
3 149 000	3 149 000	8,12	Andelsinnskot	3 149 000	3 149 000
3 149 000	3 149 000		Sum innskoten egenkapital	3 149 000	3 149 000
<b>Opptjent egenkapital</b>					
179 495 753	176 319 108	8	Annan egenkapital	174 454 252	180 522 792
179 495 753	176 319 108		Sum opptjent egenkapital	174 454 252	180 522 792
<b>Minoritets aksjonærs andel</b>					
		8		1 575 852	1 766 516
<b>182 644 753</b>	<b>179 468 108</b>		<b>Sum egenkapital</b>	<b>179 179 104</b>	<b>185 438 308</b>
<b>Gjeld</b>					
<b>Avsetning for forpliktelseser</b>					
5 107 634	6 062 500	3	Pensjonsforpliktelseser	5 107 634	6 062 500
1 676 807	2 270 187	7	Utsatt skatt	0	0
6 784 441	8 332 687		Sum avsetn. for forpliktelseser	5 107 634	6 062 500
<b>Annen langsiktig gjeld</b>					
44 485 000	32 900 000	9	Gjeld til kredittinstitusjonar	75 037 787	57 600 000
44 485 000	32 900 000		Sum anna langsiktig gjeld	75 037 787	57 600 000
<b>Kortsiktig gjeld</b>					
15 932 254	14 292 615	5	Leverandørgjeld	25 887 649	33 092 607
393 950	399 050	7	Betalbar skatt	761 670	796 618
1 380 430	5 692 455		Skuldige avgiftar	16 888 008	10 427 312
0	0	8	Avsatt til utbytte	0	317 714
0	0	2	Merinntekt	670 000	5 178 000
2 684 923	7 219 731	5,9	Anna kortsiktig gjeld	20 644 896	14 277 574
20 391 557	27 603 851		Sum kortsiktig gjeld	64 852 223	64 089 825
<b>71 660 998</b>	<b>68 836 538</b>		<b>Sum gjeld</b>	<b>144 997 644</b>	<b>127 752 325</b>
<b>254 305 752</b>	<b>248 304 646</b>		<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>324 176 748</b>	<b>313 190 633</b>

Bekkjarvik, den 1, juni 2026

Hilde Drønen  
Styreleiar

Bente Kari Sletten Taranger  
Styremedlem

Hans Halstensen  
Styremedlem

Frank Tore Nilsen  
Styremedlem

Endre Haugland  
Styremedlem

Håvard Singelstad  
Dagleg leiar

## Kontantstrøm 2025

Kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar	Morselskapet		Konsern	
	2025	2024	2025	2024
Ordinært resultat før skattekostnad	4 063 310	6 144 057	8 194 519	29 845
Ordinære avskrivningar	1 575 459	1 172 844	12 683 598	10 465 292
+/- Endring i varer	0	0	768 113	608 967
+/- Endring i kundekrav	-5 386 061	2 314 364	1 671 125	-5 820 092
+/- Endring i leverandørgjeld	1 639 639	3 131 862	-7 204 958	15 385 051
+/- Endring i fordringar	17 237 332	-8 173 627	-10 795 537	-5 068 880
+/- Endring i skuldige offentlege avgifter	-4 312 025	1 361 831	6 460 696	-738 897
+/- Endring i kortsiktig gjeld	-9 471 599	1 595 149	6 367 322	-3 934 984
+/- Betalt skatt i perioden	-399 050	-465 383	-796 618	-578 120
+/- Endring i meir-/mindreinntekter	0	0	-5 848 000	7 008 000
+/- Endring i andre tidsavgrensingspostar	-954 866	-712 765	-3 480 440	-322 280
<b>= Netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>3 992 139</b>	<b>6 368 332</b>	<b>8 019 820</b>	<b>17 033 902</b>
<b>Kontantstrøm frå investeringsaktivitetar:</b>				
- Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-13 027 503	-2 789 826	-35 714 736	-14 158 136
+ Innbetalningar ved salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
- Utbetalningar ved kjøp av aksjer og andeler	-5 000 000		-2 000 000	
+/- Endring i andre finansielle fordringar	0		-535 281	-36 566
<b>= Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-18 027 503</b>	<b>-2 789 826</b>	<b>-38 250 017</b>	<b>-14 194 702</b>
<b>Kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>				
-/+ Avdrag/opptak lån	11 585 000	-3 400 000	17 437 787	-3 700 000
-/+ Endring kassekreditt	0	0	0	0
+/- Endring i andelskapital	0	-15 000	0	-15 000
Utbetalt utbytte	0	0	-317 714	0
<b>= Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>11 585 000</b>	<b>-3 415 000</b>	<b>17 120 073</b>	<b>-3 715 000</b>
<b>= Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar</b>	<b>-2 450 364</b>	<b>163 506</b>	<b>-13 110 124</b>	<b>-875 800</b>
Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar ved + byrjinga av perioden	6 250 946	6 087 440	29 758 608	30 634 408
<b>Behaldning av kontantar og kontantekvivalentar = ved slutten av perioden</b>	<b>3 800 582</b>	<b>6 250 946</b>	<b>16 648 485</b>	<b>29 758 608</b>

# NOTAR TIL REKNESKAPEN 2025

## NOTE 0: Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk. Rekneskapsprinsippene er forklart nedanfor. Føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen. Austevoll Kraftlag er eit samvirkelag med forretningskontor i Austevoll.

### Driftsinntekter og kostnader
